

Studieordning. Formuerettsgruppa

Framlegget byggjer på at eg meiner ingen fag bør vera over 20 sp. Det gjev ei ramme på 800 – 1000 sider pensum og 40 timar forelesingar og god ramme for gruppeoppgåver og storgrupper. Det bør vera nok til å få dekkja det sentrale i alle fag. I prioriteringa med å få med flest moglege fag, og dermed oversyn over rettssystemet, må omsynet til detaljfokus innanfor enkelte fag etter mitt syn vika. Dette er eit av dei viktigaste punkta der fakultetet må visa styringsvilje overfor faglærarane.

Mitt forslag inneber at studentane har hatt både privatrettslege og offentlegrettslege fag før metode II, noko som vil auka forståinga for metodiske spørsmål. Dei bør også ha vore eksponert for både nasjonale og internasjonale kjelder før dei studerer metode.


Eg meiner vi bør gje studentane grundig kunnskap og forståing av systemet for rettar til økonomiske gode, herunder immaterielle gode og også indirekte rettar organisert gjennom selskap. Framlegget om 10 sp tingsrett, som har vore framme i diskusjonen, vil innebera ein reduksjon av faget som eg meiner er feil i eit tid der faget «utvidar seg» gjennom nye eigeformsformer (klimakvoter, konsesjonssystem), og utan å nemna blockchain-teknologien som visstnok vil endra det meste.

Framlegget inneber at dei sentrale og grunnleggjande faga er med. Det er fire sentrale fag som har fått 20 sp. Rekkefylgja på dei to store faga på 2. året er valt med sikte på at det i begge faga vil kunne vera fokus på naturressursforvaltning, både frå ei regulatorisk side (forvaltningsretten) og når det gjeld institusjonsutvikling (økonomiske rettar), som kan ta opp kvotehandel, rettar til økosystemtenester m.v. Forståing for reguleringsteknikkar som konsesjon m.m. er også viktig i studiet av rettar til fast eigedom.

Eg meiner det er ein fordel ved mitt forslag at rettshistorie og komparativ rett blir ein del av obligatorisk pensum også for dei som reiser på utveksling på 3. året. Det vil vera det einaste attverande perspektivfaget og det vil vera viktig for å førebu studentane på utanlandsopphald, slik at dei kan få meir ut av det.

Beste helsing
Ernst

Alternativ 1



Alternativ 2

Forprøve Metode Oversikt rettsystemet 10	Avtalerett 10	Arv- og familierett 10	Statsrett og menneskerettar 20	Ex phil 10
Skadebot 10	Forvaltingsrett 20	Juridisk metode II 10	Rettar til økonomiske gode 20	
Obligasjonsrett 20	Retts historie og komparativ rett 10	Tre valemne herunder engelskspråkleg og evt. «semi-obligatoriske» emne på 10 studiepoeng kvar Alternativt utveksling		